



MØTEINNKALLING

Utval: Komite for Helse og omsorg

Møtestad: Herøy helsesenter

Dato: 21.05.2015

Tid: 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærmere innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 13.05.15

Fred Hansen
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 8/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 9/15	Protokoll frå førre møte
PS 10/15	Referatsaker Referatsaker
RS 3/15	F-sak 53/15. Særutskrift - Utlysing av stilling innen barnevern
RS 4/15	Detaljreguleringsplan for helse- og omsorgssenterområdet på Egggesbønes - offentleg ettersyn

Orientering/drøfting:

NAV-leiar Berit Lyngstad orienterer om arbeidet med eventuell endra administrativ organisering for tenestene innan rus og flyktninger

Framtidig plassering av omsorgssenter

Roger Kvalsvik orienterer om situasjonen innan rehabilitering

PS 8/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 9/15 Protokoll frå førre møte

PS 10/15 Referatsaker

Referatsaker

Referatsaker



Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2015/392
		Arkiv:	411

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
53/15	Formannskapet	17.03.2015

UTLYSING AV STILLING INNEN BARNEVERN

Tilråding frå rådmannen:

1. Stillinga som barnevernkonsulent ved avdelinga Barn-, familie- og helse vert utlyst snarast råd.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendringane som fylgjer av saka.

Møtebehandling:

Leiar for barne, familie og helse Inger Marie Tofthagen møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 17.03.2015

1. Stillinga som barnevernkonsulent ved avdelinga Barn-, familie- og helse vert utlyst snarast råd.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendringane som fylgjer av saka.

Særutskrift: Personal og organisasjonsavdelinga
Komité for helse og omsorg
Seksjonsleiar barnevern
Avdeling Barn-, familie- og helse
Økonomiavdelinga

Vedlegg: Ingen

Saksopplysningar:

Ein av barnevernkonsulentane ved barnevernsseksjonen har sagt opp stillinga si og vil verte pensjonist. Ho sluttar i stillinga rundt 17. mai i år. Barn-, familie- og helseleiar ber om å få lyse ut stillinga snarast råd slik at ein kan få på plass ny barnevernkonsulent så raskt som mogleg.

Det er sett tilsettingsstopp på stillingar, og rådmannen set krav om a ein må vurdere alternative løysningar som ein del av saken dersom ein ber om unntak frå denne regelen.

Barnevernseksjonen har i dag sju stillingar, kor ein er ei prosjektstilling oppretta med midlar får Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Stillinga som nå vert ledig er ei fast stilling som og har vore tillagt rolla som stedfortredar i seksjonen. Barnevernet har dei siste åra hatt mange og utfordrande saker dei har arbeida med. Det har og vore ein stor fokus på barnevern generelt i samfunnet, noko som til tider har vore utfordrande. Barnevernkonsulenten og avdelingsleiar orienterte formannskapet om barnevernet i kommunen i februar i år. Rådmannen ser det såleis slik at formannskapet er godt kjent med dei utfordringane barnevernet står overfor.

Det siste året har det og vore nokre sjukmeldingar i seksjonen, men seksjonen har vist stor vilje til å ta i eit ekstra tak slik at dette har vore minst mogleg skadeleg for brukarane. Seksjonen er organisert i tre team, undersøkelse, tiltak og omsorg. Dette er effektivt, men sjølvsagt og sårbart ved at det er berre sju tilsette i seksjonen inkludert barnevernleiar.

Vurdering og konklusjon:

Barnevernenesta i kommunen har mange og kompliserte saker dei til einkvan tid arbeidar med. Det er difor særsviktig å ha stabile og godt kvalifisert medarbeidrarar med relevant utdanning i denne seksjonen. Seksjonen har vore stabil og det har nok og vore særsviktig når vi ser på dei utfordringane seksjonen har hatt dei siste åra. Det er også nå viktig å få tilset ein ny barnevernkonsulent så raskt som mogleg slik at seksjonen ikkje over tid vert for dårlig bemanna, særleg i forhold til å oppretthalde dei tre teama.

Det vil truleg uansett på kort sikt verte noko vakanse innan barnevern då det vil ta noko tid før ein tilsetting er gjennomført og ein ny person vil verte på plass. Det er viktig at denne perioden ikkje vert for lang.

Etter at ein fekk prosjektstillinga frå Fylkesmannen har ein sett det slik at sju stillingar i seksjonen er ein bemanning som er forsvarleg.

Konsekvensar for folkehelse:

Det vil kunne få store konsekvensar for folkehelsa over tid dersom bekymringsmeldingar og oppfølging av konkrete saker innan barnevernet ikkje får ein forsvarleg oppfølging. Sakar som kunne vore sjekka ut eller følgjt opp på eit tidleg tidspunkt kan få vekse seg store og føre til ekstra store skader og ulemper for sårbare barn.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særlege konsekvensar.

Konsekvensar for drift:

Vakanse over tid vil kunne føre til at ein ikkje vil kunne levere ei forsvarleg teneste innan barnevern. Dette vil både kunne føre til store konsekvensar for det einskilde barn og også for kommunen på sikt.

Konsekvensar for økonomi:

Utlýsing av stillinga vil ikkje føre til ekstra kostnader for kommunen i forhold til det vedtekne budsjettet for 2015.

Rådmannen ber på denne bakgrunnen om at stillinga som barnevernkonsulent vert utlyst snarast råd.

Fosnavåg, 10.03.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Inger Marie Tofthagen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

Grunneigar, naboar, offenteleg
uttaleinstansar, lag og
organisasjonar

Saksnr 2015/56	Arkiv L12	Dykker ref	Avd /sakshandsamar UTV / AZT	Dato 22.04.2015
-------------------	--------------	------------	---------------------------------	--------------------

DETALJREGULERINGSPLAN FOR HELSE- OG OMSORGSSENTEROMRÅDET PÅ EGGESENES - OFFENTLEG ETTERSYN

Formannskapet vedtok i møte 21.04.2015, F-sak 73/15, at forslag til privat detaljreguleringsplan for helse- og omsorgssenterområdet på Eggensenes skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Målet med planarbeidet er å fastsetje arealbruken for vidare utvikling av viktige funksjonar som nye omsorgsbustader med heildøgns omsorgsfunksjon og base for heimetenesta i området ved Herøy omsorgssenter – blå avdeling på Eggensenes. Planforslaget legg rammer for oppføring av nye bygningar inntil 3 etasjer, der desse skal plasserast innanfor området merka med O1 på plankartet.

Planforslaget medfører ei endring av gjeldande reguleringsplan av kommunens eigedom og deler av tilstøytande eigedomar. Planarbeidet vil soleis medføre ei omregulering av internt veg- og parkeringssystem som vist i gjeldande reguleringsplan for å oppnå meir framtidsretta og funksjonelle løysingar. Vidare vil planforslaget medføre ei endring i utnyttingsgrad og bygningstype frå småhusbebyggelse til blokkbebyggelse for bustadrekka mot Eggensenevegen

Forslag til reguleringsplan blir fremja som ein offentleg detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova §§ 12-3 og, og består av plankart, føresegner og planomtale med vedlegg.

Grunneigarar, naboar, offentlege myndigheter og lag og organisasjonar blir varsle i eige skriv.

Plandokumenta er tilgjengelege elektronisk på www.heroy.kommune.no
Dokumenta er også tilgjengeleg i papirformat. Du finn desse i Servicetorget 1.etg på Herøy rådhus i Fosnavåg.



Dei som har innspel til planforslaget, vert bede om å sende desse skriftleg til:

**Herøy kommune vi Utviklingsavdelinga
Postboks 274**

6099 Fosnavåg

Innspel kan også sendast elektronisk til e-post:
postmottak@heroy.kommune.no

Alle innspel må vere merka med "**Detaljregulering helse og omsorgssenterområdet**".

Frist for å kome med innspel til planarbeidet blir sett til: **20.06.2015.**

Innspela som blir motteke innan fristen vert vurdert i samband med politisk sluttbehandling av plan.

Eventuelle spørsmål kan rettast til:

Aleksander Zahl Tarberg (Planleggar)

Tlf: 700 81 368

E-post: aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Aleksander Zahl Tarberg
Sakshandsamar